



Hjarthdal kommune
Sektor for kultur og oppvekst
3692 Sauland

Artikkelenr.	710
Dato:	2/5-2011
Saksnummer:	201100193-101

Barne- likestillings- og inkluderingsdepartementet
Postboks 8036 Dep

0030 OSLO

Dykkar ref.:

Vår ref.: 11/296-4

Arkiv: K2-F30

Dato: 26.04.2011

HØYRING - FORSLAG OM NY BUSETJINGSMODELL FOR FLYKTNINGAR

Det er no gjort følgjande vedtak i saka:

04.04.2011 Formannskapet

Handsaming:

Olav Tho – tilleggsforslag:

..., men vil særleg understreke at det ikkje skal nyttast tvang i busetjingsarbeidet.

VOTERING:

Rådmannen si tilråding med tilleggsforslag frå Olav Tho vart samrøystes vedteke.

FOR-020/11 VEDTAK:

Vedrørende høyringsuttale til framlegg om ny busetjingsmodell, BLI-dept 2011, sluttar Hjarthdal kommune seg til uttale frå KS.

Med helsing

For Bjørn Rugaas
kommunalsjef

Ingebjørg Landsverk
Ingebjørg Landsverk
servicekontoret

Hjartdal kommune

Styre, råd, utval	Møtedato	Saknummer	Sakshandsamar
Formannskapet	04.04.2011	020/11	BR

Saksansvarleg: Bjørn Rugaas	Arkiv: K2-F30	Arkivnr.: 11/296
------------------------------------	----------------------	-------------------------

HØYRING - FORSLAG OM NY BUSETJINGSMODELL

Dokument i saka:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	I	02.03.2011	KS	HØYINGSUTTALE
3	I	27.03.2011	likestillings-og inkluderingsdep. Barne-	FORSLAG TIL ORDNING

Vedlagde dokument:

Dokument nr. 2

Saksgang:

Formannskapet vedtek.

Bakgrunn for saka:

Barne- likestillings- og inkluderingsdepartementet (BLI) sendte 31.01.2011 ut på høring framlegg til endringar i dagens busetjingsordning for flyktingar. I framlegget legg ein opp til raskare busetjing enn i dag, mellom anna ved å få kommunane til å ta større ansvar for dette. Det gjerast også framlegg om å bruke tvang ovanfor kommunar for å få gjennomført målsetjinga. KS sentralt har gjeve uttale til høyringa i form av eit fyldig notat. KS BTV har i etterkant oppmoda kommunane i sin region til å handsame høyringa politisk, for at saka sett frå kommunane si side skal stå sterkast mogleg gjennom høyringsprosessen.

KS-notatet peikar på ulike sider ved departementet sitt framlegg som i praksis vil endre den økonomiske fordelinga mellom stat og kommunenivå i kommunane sin disfavour, samstundes med at framlegget som nemnd legg opp til å nytte tvangstiltak mot kommunar som ikkje gjer ein god nok innsats med busetjing av flyktingar.

Vurdering:

Høyringsnotatet frå KS er omfattande og detaljrikt, og uttrykkjer på ein god måte kommunen sine synspunkt på høyringsutkastet. Ein ser det difor ikkje som naudsynt å utarbeide eigen

høyringsuttale, men ønskjer å tilrå at Hjartdal kommunen sluttar seg til uttale frå KS når det gjeld forslag om ny busetjingsmodell.

RÅDMANNEN TILRÅR:

Vedrørende høyringsuttale til framlegg om ny busetjingsmodell, BLI-dept 2011, sluttar Hjartdal kommune seg til uttale frå KS.

04.04.2011 Formannskapet

Handsaming:

Olav Tho – tilleggsforslag:

.., men vil særleg understreke at det ikkje skal nyttast tvang i busetjingsarbeidet.

VOTERING:

Rådmannen si tilråding med tilleggsforslag frå Olav Tho vart samrøystes vedteke.

FOR-020/11 VEDTAK:

Vedrørende høyringsuttale til framlegg om ny busetjingsmodell, BLI-dept 2011, sluttar Hjartdal kommune seg til uttale frå KS.

Rett utskrift: 7/4 - 11
Ingebjørg Handøverh